

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 06/2024 | Klokkeslett: 09.00- 12.00 | Dato: 05.11.2024

Møtestad: Vestlandshuset, møterom Folgefonna

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 06.11.2024

	Navn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Sara Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Yngve Magnus Tvedt Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Kjell Kvingedal	Miljødirektør, Statsforvaltaren
	Geir Vangen	Jernbanedirektoratet
Andre	Anders Kjetland	Fungerande sekretariatsleiar, Miljøløftet
	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Tor Corneliusen	Bergen kommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	May Britt Hernes	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Sondre Hillestad	Bergen kommune
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet
	Erlend Otterå	Sekretariatet

Saksliste byvekstvtalen

- Sak 60/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 61/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 04.10.2024
- Sak 62/24 Økonomirapportering per 2. tertial 2024
- Sak 63/24 Innspel til statsbudsjett og realistisk budsjettering
- Sak 64/24 Praksis rundt belønningsmidlar
- Sak 65/24 Forslag til statsbudsjett 2025 – oppsummering av omtale aktuelt for Miljøløftet
- Sak 66/24 Mandat for byutredning 2025
- Sak 67/24 Budsjettforslag kollektiv
- Sak 68/24 Nye parkeringsplassar og reduksjon i bysykkelordning, Bergen kommune
- Sak 69/24 Møtedatoar våren 2025
- Sak 70/24 Eventuelt: Byvekstvtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 71/24 Ordinær prisjustering av takstane
- Sak 72/24 Trafikk og inntekt (utsett frå sist møte)
- Sak 73/24 Eventuelt: Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 60/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.

Sak 61/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 04.10.2024

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 62/24 Økonomirapportering per 2. tertial 2024

Synnøve Vilsvik, sekretariatet, presenterte tertialrapporten.

Prognosen viser eit samla mindreforbruk på 250,4 millionar kroner, ein auke på rundt 50 millionar sidan T1. Den største delen av mindreforbruket gjeld post 30-midlar. Den største endringa i mindreforbruk er på post 66 , belønningsmidlar til kommunane og Skysst.

Alle kommunane utanom Bergen går mot eit mindreforbruk i 2024. Bergen går mot eit meirforbruk på 6,3 mill. kroner og vil ha behov for ei ekstra utbetaling av midlar kommunen har ståande på fond i Vestland fylkeskommune.

For Bypakke Bergen har forventa innsparing auka med 10 mill. sidan T1 , og er no 470 mill. kroner.

I diskusjonen peika Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, på viktigheita av realistisk budsjettering i alle ledd, og at prosjekta som blir spelt inn for tildeling av midlar er tilstrekkeleg modne. Utfordringa er størst på post 30/66 kommunal og fylkesveg , og det er ei utfordring ein må sjå på i fellesskap framover.

Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune, fremma ønske om at kommunane blir involvert meir, for å gi plass til forklaringar på mindreforbruk og kvifor prosjekt var utsett i tertialrapporten.

I forslaget til vedtak var det tatt inn Bergens behov for utbetaling av eigne fondsmidlar.

Vedtak: Styringsgruppa tek innhaldet i økonomirapporteringa per 2. tertial til orientering.

Styringsgruppa vedtek ei ekstra utbetaling av belønningsmidlar til Bergen kommune på 6,32 mill. i 2024.

Sak 63/24 Innspel til statsbudsjett og realistisk budsjettering

Morten Rannem, Statens vegvesen, presenterte saka. Han gjekk gjennom korleis prosessen med innspel til statsbudsjett skjer, og oppfordra til realistisk budsjettering og kvalitet på innspel i alle fasar for å unngå mindreforbruk.

Han minna om at budsjettprosessen for 2026 alt er i gang, og at tal frå handlingsprogram 25-28 dannar basis for det som i november i år går inn som innspel til statsbudsjettet 2026. For innspel til statsbudsjett som skjer i mars, sa Rannem at det i tillegg til innspelte prosjekt i handlingsprogrammet er behov for ei prioritert liste av dei innspelte prosjekta.

I diskusjonen vart handlingsrommet for oppstart av prosjekt, som ikkje har fått oppstartsmidlar over post 30, drøfta. Prosjekt som har fått oppstartsmidlar over statsbudsjettet blir betrakta som ei binding i framtidige budsjett. Prosjekt som ikkje har fått

tildelt oppstartsmidlar over statsbudsjettet er ikkje bundne i framtidige budsjett. Oppstart av prosjekt som ikkje har fått budsjett-tildelingar gjer partane i så fall på eigen risiko.

Det vart og påpeika frå Statens vegvesen at det er mogleg til å melde inn behov for statlege midlar til prosjekt som er starta opp, men at det ikkje er anledning til å få tilbakebetalt brukte midlar.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden, sa at dette siste punktet var nytt for dei, og at kommunen hadde operert ut frå forutsetninga om at forskotterte beløp vart refundert når løyvingane frå staten kjem. Om dette ikkje var riktig, ville han ha eit notat på dette som klargjorde rammene, fordi det rokka ved korleis kommunar og fylkeskommune har operert så langt i samarbeidet .

Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune, meinte det kunne vere ulik tolking av begrepsbruken, og at det finst handlingsrom som det kan vere bra å belyse og tydeleggjere i eit notat. Møteleiar Ingrid Dahl Hovland meinte og at det fanst handlingsrom og oppfordra til å jobba administrativt med dette.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 64/24 Praksis rundt belønningsmidlar

Synnøve Vilsvik, sekretariatet, presenterte saka.

Nokre kommunar har opparbeidd seg fond i kommunen grunna forseinkingar i prosjekt som det allereie har blitt utbetalt belønningsmidlar til. Praksis fram til no har vore at fylkeskommunen betalar ut belønningsmidlar årleg i høve handlingsprogrammet, uavhengig av kva kommunane har ståande på eige fond.

Ein foreslår å innføre ein praksis der kommunane må bruke midlar ståande på eige fond før nye belønningsmidlar vert utbetalt frå fylkeskommunen.

Vedtak: Kommunane må bruke midlar ståande på eige fond før nye belønningsmidlar vert utbetalt frå fylkeskommunen.

Sak 65 /24 Forslag til statsbudsjett 2025 – oppsummering av omtale aktuelt for Miljøløftet

Synnøve Vilsvik, sekretariatet, presenterte saka.

7. oktober 2024 la regjeringa fram sitt forslag til statsbudsjett for 2025. Statsbudsjettet skal til endeleg vedtak i Stortinget i desember, og det kan skje endringar før vedtak.

For dei fleste postane er det foreslått tildelt færre midlar, samanlikna med handlingsprogrammet. I hovudsak er det igangsette prosjekt som får midlar.

På riksveg er det foreslått tildelt midlar til eitt nytt prosjekt, Trafikktiltak Nygårdstangkrysset / Fjøsangerveien. På post 30 til fylkesveg / kommunal veg er det foreslått tildelt midlar til to nye prosjekt, Knarvikplanen og Åsen / Helleskaret.

Ordførar Sara Sekkingstad, Alver, påpeikte ein feil i tabell over post 30-midlar på kommunal og fylkesveg i saksgrunnlaget. Differansen mellom vedteke handlingsprogram og forslag til statsbudsjett er større enn det som står i tabellen (48,7 mill. kr mot 34,3).

Summen av innspelte prosjekt på post 30/66 er og for låg. Summen skal vere 208,4 mill.

Dette blir retta. Nytt saksdokument ligg vedlagt, og blir også retta på nettsidene.

Sara Sekkingstad sa óg at det var krevjande med manglande statleg finansiering av nye prosjekt. Kommunen er avhengig av løyvingar for å komme i gang med prosjekt og ha legitimitet for byveksttalen i kommunen.

Dina Lefdal, VLFK, viste til eit notat sendt ut under møtet (lagt ved referat og lagt under møtepapir på Miljøloftets nettsider som Vedlegg 4 Sak 65/24), med fylkeskommunens kommentarar til prosjekta med manglande statleg finansiering, blant anna Skogsskiftet som er klart for å starte opp. Ho viste til at ein tidlegare har gjort grep ved manglande statlege løyvingar gjennom mellom anna omdisponering av midlar. Ho reiste konkret spørsmål om ein her kan omdisponere statlege midlar løyva til Sagstadvegen, som det ikkje vil vere behov for, til ein oppstart på Skogsskiftet.

Tom Georg Indrevik, Øygarden, sa at det var utfordrande når vedtekne prosjekt i handlingsprogrammet fall ut. Han foreslo at styringsgruppa skulle be om at det vart reist ei sak som ser på om det er mogleg å sikre oppstart av dei prosjekta som ligg i handlingsprogrammet, mellom anna gjennom omdisponering av midlar.

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, viste til fylkeskommunens forslag, og påpeikte at ein kan omdisponere innanfor dei prosjekta som har fått tildelt midlar til oppstart over statsbudsjettet, men at det i utgangspunktet ikkje er mogleg å omdisponere til nye prosjekt. Grunnen er at ein då forpliktar Stortinget til å kome med midlar også seinare år.

Christine Kahrs, Bergen kommune, varsla at kommunen vil kome med ei sak om bruk av bompengar til planlegging av bybanen.

Ingrid Dahl Hovland oppfordra til å finne handlingsrom administrativt for å få prosjekt opp i verdikjeden.

Vedtak: Styringsgruppa ber om at det administrativt blir lagt fram ei ny sak som sikrar oppstart av dei prosjekta som ligg handlingsprogrammet, blant anna ved omdisponering av midlar.

Sak 66/24 Mandat for byutredning 2025

Kristian Bauge, Statens vegvesen, presenterte mandatet for byutredning 2025. Byutredninga skal gi det faglege grunnlaget for ny reforhandling av ny byveksttaltale.

Når mandatet blir vedtatt, blir det og oppretta ei lokal arbeidsgruppe med representantar for partane. I framdriftsplanen ligg det fem milepælar som skal behandlast i styringsgruppa.

Styringsgruppa kan delegere til prioriteringsrådet å behandle milepælane. I diskusjonen kom det opp at ein ønsker å gjere dette i styringsgruppa.

Nils Magne Slinde, Statens vegvesen, sa at sjølv om nullvekstmålet var hovudfokus i byutredningane, ville ein også prøve å få betre innsikt i gjennomgangstrafikk og næringstransport. Han viste til at ordførar Tom Georg Indrevik tidlegare har etterlyst effekt av bompengetrykk i Bergensområdet, og meinte at ei breiare utgreiing også kunne gi betre svar på dette spørsmålet. Om ei slik utgreiing ikkje kunne gjerast innan tidsramma for

byutredninga, vil ein arbeide vidare med dette etterpå. Utgreiinga av trafikkstraumar skal gjerast for alle dei fire største byområda.

I diskusjonen vart det elles understreka kollektivtrafikken si viktige rolle for å nå nullvekstmålet.

Forslag til vedtak:

1. *Styringsgruppa sluttar seg til forslaget til mandat for Byutredning 2025 for Bergensområdet.*

2. *Statens vegvesen vil leie bereknings- og analysearbeidet. Partane i byvekstavtalen vil bli inviterte inn i den lokale gruppa for arbeidet. Det er forventa at alle partane i byvekstavtalen bidreg med nødvendig datagrunnlag og ressursar til arbeidet. Det blir spesielt føresett at kommunane deltek aktivt i arbeidet med arealdataverktøyet.*

Sak 67/24 Budsjettforslag kollektiv

Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune orienterte om budsjettforslaget for kollektivtrafikk i fylket. Forslaget har eit samla kutt på 131 mill. kroner, mellom anna gjennom effektivisering av ruter, takstauke på periodebillett og kutt i studentrabatt. Forslaget inneheld også ei oppsplitting av soner, slik at det vil bli 50 prosent dyrare enn i dag å reise mellom kommunane. Etter at staten varsla ekstraordinære midlar til VLFK på 80 mill. kr, vil fylket legge fram eit revidert budsjettforslag 6. november. Endeleg budsjett vil bli vedteke i Fylkestinget i desember.

I diskusjonen uttrykte fleire bekymring for forslaget slik det ligg no, og for kva effekt tiltaka vil kunne ha for nullvekstmålet. Særleg vart forslaget til oppsplitting av soner oppfatta som negativt.

Møteleiar Ingrid Dahl Hovland foreslo å ta opp igjen saka og få ein status på budsjettprosessen i neste møte, på bakgrunn av kor viktig utviklinga på kollektiv er for nullvekstmålet.

Vedtak: Styringsgruppa ønskjer å bli halden orientert om budsjettprosessen vidare.

Sak 68/24 Nye parkeringsplassar og reduksjon i bysykkelordning, Bergen kommune

På bakgrunn av byrådet i Bergen sin reduksjon i bysykkelordninga og planar om nye parkeringsplassar hadde Statens vegvesen bedt om ei orientering om tiltaka. Tor Corneliussen, Bergen kommune, ga orienteringa på vegne av byrådet i Bergen.

Bysykelordninga kostar årleg 12,8 mill. kroner, der 5 mill. blir finansiert av belønningmidlar gjennom Miljøløftet og resten av Bergen kommune. Tilbodet blir no tatt ned i Fyllingsdalen, og tilbodet blir vinterstengt.

I orienteringa erkjente Bergen kommune at Miljøløftet burde blitt orientert før kutta blei gjennomført.

Når det gjeld parkering er planen å reetablere 125 parkeringsplassar i sentrum. For området rundt Arna stasjon skal det innførast brukarbetaling og felles parkeringspolitikk med Bane NOR på eit område der det alt er parkering i dag.

I diskusjonen understreka Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, at denne saka verkar på nullvekstmålet, saman med fleire andre som var oppe under møtet. Statens vegvesen foreslo å ta inn i vedtaket eit prinsipp om at saker som vil kunne påverke nullvekstmålet blir vurdert ut frå effekten på nullvekstmålet og tatt inn i og diskutert i Miljøloftets organ. Ho peikte på at infrastrukturtiltak for kollektiv, sykkel og gåing også må følgast opp av restriktive tiltak og tiltak på areal for å ha god effekt.

Christine Kahrs, Bergen kommune, sa seg einig i betydninga av restriktive tiltak, og understreka at alle nye plassar har brukarbetaling og skal vere korttids plassar.

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, ønskte å sjå på ei felles bysykkelordning for heile Miljøloftet-området, gjerne integrert opp mot kollektiv og mikromobilitet. Han understreka at det her låg eit felles økonomisk ansvar, og at ikkje VLFK kunne ta over det økonomiske ansvaret frå Bergen kommune. Han såg fram til ein debatt på mobilitetsløyningar i stort i prioriteringsrådet og styringsgruppa.

Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren kommenterte at det i Byvekstavtalen står at parkeringspolitikk skal bygge opp under nullvekstmålet. Ha sa og at det er litt symbolsk at ein i forslaget opnar opp for parkering i bygater som er opprusta med midlar frå Miljøloftet.

Yngve Fosse, Askøy kommune, såg fram til ein diskusjon om parkering, og understreka at innfartsparkering kan vere eit viktig tiltak for å nå nullvekstmålet.

Nils Magne Slinde, Statens vegvesen, peikte på at SVV saman med partane har verktøy og transportmodellar for å kunne modellere kva ulike tiltak kan gi av effekt for nullvekstmålet, og kan bruke desse for å bli meir konkrete og faktabaserte på kva effekt tiltaka har.

Møteleiar Ingrid Dahl Hovland ønskte ein kortversjon av orienteringa om parkeringsplassar i neste styringsgruppemøte, meir spesifisert på areal og type plassar i sentrum.

Vedtak: Det blir lagt til grunn eit prinsipp om at det for saker som vil kunne påverke nullvekstmålet skal gjerast ei vurdering av effekt på måloppnåing, og at saka blir lagt fram for drøfting i Miljøloftets fora.

Styringsgruppa ønskjer ei oppfølgande orientering om parkeringsplassar i Bergen sentrum i neste møte.

Sak 69/24 Møtedatoar våren 2025

Møtedatoane i sakspapir vart presenterte. Det er ønske om å flytte møte den 14. mars til 12. mars for å kunne ha politisk styringsgruppemøte i samband med dette. Det er eit ønske frå styringsgruppeleiar om å ta 1-2 av møta digitalt. Endeleg forslag blir då slik:

- 7. februar (Digitalt)
- 12. mars (Vestlandshuset, kombinert med politisk styringsgruppe)
- 25. april (Vestlandshuset)
- 13. juni (Digitalt)

Sekretariatet sender ut innkalling i etterkant av møte.

Sak 70/24 Eventuelt: Byvekstavtalen

Målinger og gjennomgang av resultat

Ingrid Dahl Hovland tok opp eit ønske om jamleg presentasjon av målinger og resultat for byområdet. Ho viste ein presentasjon for Oslo og Akershus som kan vere eit utgangspunkt, med utvikling i biltrafikk, kollektivtrafikk og befolkning. Statens vegvesen vil utarbeide ein tilsvarande for Bergensområdet.

Sak 71/24 Ordinær prisjustering av takstane

Dina Lefdal, VLFK, presenterte saka. Gjennom vedtak i sak 69/18 gav styringsgruppa i Miljøløftet Ferde fullmakt til å søke om å justere bompengetakstane når: *«prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd, og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst. Styringsgruppen får sak om prisjustering til orientering.»*

Ferde har sendt søknad til Vegdirektoratet om å prisjustere bompengetakstane i Bypakke Bergen i takt med prisveksten siste år (3,0 prosent) frå 1. januar 2025.

Vedtak: Styringsgruppa tek søknaden om prisjustering av takstane til orientering.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 72/24 Trafikk og inntekt

Dina Lefdal, VLFK, presenterte saka. Tala for trafikk og inntekt for bomstasjonane i bypakke Bergen viser ein gjennomsnittleg døgntrafikk av køyretøy på 256 762, mot 250 000 i prognosane i Prop. 11 S. Gjennomsnittstaksten for september 2024 er 11,62, mot 14,77 i proposisjonen (prisjustert til 2024-nivå). Elbilandelen er no på rundt 50 prosent.

Om gjennomsnittstaksten hadde vore i tråd med finansieringsplanen i Prop. 11S, ville inntektene vore 208 mill. kroner høgare til no i 2024 (om ein ser bort frå trafikkavvisningseffekten av ein takstauke.)

I diskusjonen kommenterte Malin Bismo Lerudsmoen, SVV, at inntektene går ned, medan trafikken aukar. Ho understreka at byvekstavtalen er eit felles forpliktande samarbeid om å nå nullvekstmålet. Når det gjeld bompengetakstar har lokale partar eit stort handlingsrom, men også stort ansvar.

Ho viste til at staten har gjort det mogleg å auke elbiltakst til 70 prosent av normal takst, og Vestland fylkeskommune har vedtatt å bruke dette handlingsrommet.

Byråd Christine Kahrs viste til at bystyret i Bergen ikkje har gjort noko vedtak i saka, og at ho derfor ikkje har ryggdekning til å ta ei avgjersle. Ho bad derfor om at saka skulle bli utsett til Bergen har fatta eit slikt vedtak. Ho kunne ikkje seie når ei slik sak kunne komme til bystyret, men påpeikte at det var vanskeleg å få gjennom ein takstauke lokalt. Ho sa også at dei skulle arbeide for det, men at det tar tid.

Møteleiar Ingrid Dahl Hovland understreka at ein utan ein takstauke mistar finansiering til framtidige tiltak, og diskuterte om det i større grad burde vore automatikk i opptrapping mot gjennomsnittstakst.

Ho foreslo å ta inn i vedtaket prioriteringsrådets anbefaling til styringsgruppa om å vedta eit alternativ som i størst mogleg grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten, og at Bergen kommune kjem tilbake til saka i neste møte.

Vedtak: Styringsgruppa vil arbeide for å vedta eit alternativ som i størst mogleg grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten.

Sak 73/24 Eventuelt: Bypakke Bergen

Ingen saker meldt.